

# Hordaland fylkeskommune

## Arkivplan for Hordaland fylkeskommune

Arkivplanen gjev bindande retningsliner for behandling av all informasjon og dokumentasjon i kommunen. Arkivlova med forskrifter ligg til grunn for retningslinene.

Arkivplanen skal sikre at Hordaland fylkeskommune ivaretar arkivansvaret sitt etter arkivlovas § 6:

*Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.*

### Oppdatering av arkivplanen

Oppdatering av arkivplanen skal skje når:

- ei eining opprettar eit nytt arkiv eller arkivdel
- det blir tatt i bruk ny arkivnøkkel
- ei eining tar i bruk eit nytt datasystem for lagring av informasjon
- einingar blir lagt ned eller oppretta
- det blir oppretta eller lagt ned styre eller utval
- det blir gjort vesentlege endringar i fylkeskommunens delegasjonsreglement
- fylkeskommunale oppgåver blir overført til verksemder utanfor kommunen

Arkivansvarleg avgjer om det er behov for oppdatering av arkivplanen når

- det bli tatt i bruk ny versjon av arkivnøkkel
- det bli tatt i bruk nye versjonar av datasystem for lagring av informasjon

Arkivansvarleg skal ha melding om alle endringar med moglege følgjer for arkivet i god tid før dei blir sett i verk og har rett til å uttale seg om dei følgjene dei kan få for arkivet.

## Rådmannen har arkivansvaret

I Hordaland fylkeskommune er det rådmannen som har arkivansvaret. Som rådmann i Hordaland fylkeskommune oppmodar eg alle medarbeidarar om å setja seg godt inn i og følgja retningslinene i arkivplanen.

## 1. Organisering/Ansvar

### 1.1 Politisk organisering

Fylkeskommunen sine administrative oppgåver er politisk styrte. Det betyr at Hordaland fylkeskommune utfører den politikken som blir vedteke av dei folkevalde politikarane som sit i fylkestinget, fylkesutvalet og andre politiske utval. Fylkestinget er det øvste styringsorganet.

Politisk leiar av fylkestinget er fylkesordføraren. Fylkesutvalet førebur saker for, og kjem med innstillingar til fylkestinget. Fylkesutvalet har også fått delegert vedtaksrett i mange saker. Hordaland fylkeskommune har og ei rekkje politisk utval som er knytt opp mot dei viktigaste fagområda som fylkeskommunen jobbar med; regional utvikling, samferdsel, kultur, vidaregåande opplæring og tannhelse.

Anne Gine Hestetun (A) er fylkesordførar i perioden 2015-2019. Pål Kårbø (KrF) er fylkesvaraordførar.

Sjå politisk organisering i Hordaland fylkeskommune, <http://www.hordaland.no/nm-NO/politikk/politisk-organisering/>

## 1.2 Administrativ organisering

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Fylkeskommunen gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har fylkeskommunen ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen

Fylkesrådmann Rune Haugsdal er øvste administrative leiar i Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune er ein av fylkets største arbeidsgjevarar med om lag 4 500 tilsette og eit årleg driftsbudsjett på 7 319 millionar kroner (2015). Investeringsbudsjettet er i 2015 på 3 988 millionar kroner, slik at totalbudsjettet kjem opp i 11 307 millionar kroner.

Fylkeskommunen sine inntekter kjem hovudsakleg frå lokale skattar og statlege rammeoverføringar. Rammene for fylkesøkonomien vert i stor grad fastsette sentralt av statlege styresmakter.

**Organisasjonsnr: 938 626 367 mva.**

Sjå meir administrativ organisering: <http://www.hordaland.no/nm-NO/om-oss/om-fylkeskommunen/>

## 1.3 Arkivorganisering

I Hordaland fylkeskommune er ansvar for Dokumentsenteret og depot lagt til [Fylkesarkivet](#), organisatorisk ligg inn under Kultur- og idrettsavdelinga.

### Dokumentsenter

Dokumentsenter har ansvaret for arkivdanning og systemutvikling i fylkeskommunen og integrasjon mellom sak- og arkivsystemet og dei mange fagsystema i fylkeskommunen.

I arbeidet med dei moderne arkiva utviklar dokumentsentret rutinar og retningslinjer for arkivdanning, gjer opplæring i arkivsystem og arkivrutinar, rettleier i spørsmål knytt til informasjonsteknologi og arkiv i fylkeskommunen.

Dokumentsentret driv postmottaket, skannar og journalfører alle arkivverdige dokument. Dei publiserer også den offentleg journal og handsamar spørsmål knytt til innsyn og generell publikumshandtering.

### Historiske arkiv, depot og lokal- / regionalhistorisk arbeid

Hordaland fylkesarkiv tek imot og oppbevarer eldre arkivsaker frå sentraladministrasjon og institusjonar i Hordaland fylkeskommune, og har ansvar for overordna, felles retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i heile fylkeskommunen.

Sjå arkiv avlevert til Fylkesarkivet publisert på [Arkivportalen](#)

Fylkesarkivet koordinerer arbeidet med privatarkiv og fotobevaring i fylket og tek imot arkiv frå private arkivskaparar (ikkje-offentlege organisasjonar, bedrifter og privatpersonar), og gjev også råd om lokalhistorisk arbeid, bevaring av ikkje-offentleg arkivmateriale (privatarkiv), stadnamn og foto.

## 1.4 Ansvar og fullmakter

## **Overordna arkivansvar**

Kommunen har etter § 6 i arkivlova arkivplikt.

Administrasjonssjefen har i følge kommunelova og arkivlova ansvaret for kommunen sine arkiv og for at organiseringa og oppfølginga av arkivarbeidet er i samsvar med lover og forskrifter om offentlig saksbehandling. Innhaldet i administrasjonen sitt arkivansvar er elles fastsett i forskrift om offentlege arkiv.

Fylkesarkivet er Hordaland fylkeskommune sin arkivinstitusjon og arkivmynde, og har som målsetting å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

## **Leiaren for Fylkesarkivet sine oppgåver**

Fylkesarkivaren skal gi rettleiing og føre tilsyn med arkivdanning, arkivoppbevaring i kommunen og har ansvar for depot i fylkeskommunen. Fylkesarkivaren har rett og plikt til:

1. Å rapportere til fylkesrådmannen om verksemda til arkivtenesta og leggje fram framlegg om tiltak som skal heve kvaliteten på arkivarbeidet
2. Å uttale seg om dei arkivmessige konsekvensane av planlagde omorganiseringar i kommunen.
3. Å utarbeide verksemdsplanar for arkivtenesta
4. Å føre tilsyn med at arkivarbeidet skjer i samsvar med reglane i arkivplanen
5. Å føre kontroll med at dei aktive arkiva i kommunen er forsvarleg oppbevart og sikra
6. Å ta initiativ til oppdatering/endingar i arkivplanen
7. Å bli tatt med på råd når kommunen skal velje elektroniske sak-/arkivsystem og fagsystem og ved innkjøp av arkivmaterieil, papir og skrivereiskap.

Fylkesarkivaren skal elles leggje vekt på desse oppgåvene:

1. Å halde seg oppdatert om den faglege og teknologiske utviklinga på arkivsektoren, og om endingar i lov og regelverk for offentlege arkiv
2. Å gi fagleg rettleiing til arkivpersonalet og sørge for at arkivmedarbeidarane får tilbod om å utvikle sin faglege kompetanse
3. Å gi nyttilsette nødvendig opplæring

Fylkesarkivaren har ansvaret for å sikre at fylkeskommunen har tilfredsstillande depot for analogt og elektronisk arkivmateriale.

## **Dokumentsenteret sine oppgåver**

I arkivforskrifta § 2-1, blir det fastsett at arkivarbeidet i eit offentlig organ som hovudregel skal utførast ei arkivteneste, under dagleg leiing av ein arkivansvarleg.

Dokumentsenteret er organisert som ei sentralisert arkivteneste. Personale som arbeider med postregistrering og andre arkivoppgåver er knytt til tenesta. Leiaren for Dokumentsenteret har overordna ansvar for arkivdanninga i sentraladministrasjonen. Dei ytre einingane i fylkeskommunen (skule, OT/PPT og tannhelse) har sjølvstendig arkivansvar.

Dokumentsenteret si hovudoppgåve er å kvalitetssikre dokumentasjonen av verksemda i kommunen. Arkivtenesta skal arbeide etter denne målsetjinga:

1. Ansvar for arkivdanning og systemutvikling i fylkeskommunen
2. Integrasjon mellom sak- og arkivsystemet og dei mange fagsystema i fylkeskommunen
3. Utvikling av rutinar og retningslinjer for arkivdanning
4. Opplæring i arkivsystem og arkivrutinar, rettleie i spørsmål knytt til informasjonsteknologi og arkiv i fylkeskommunen
5. Drive postmottaket, skanne og journalføre alle arkivverdige dokument, kvalitetssikring av registrerte opplysningar
6. Publisere offentlig journal
7. Handsame spørsmål knytt til innsyn og generell publikumshandtering

## **Depot**

Hordaland fylkesarkiv er depot for alle fylkeskommunale einingar.

Depot sitt ansvar er:

1. Bevaring, ordning og formidling dei historiske arkiva i fylkeskommunen
2. Sikre depot (magasin) for papirarkiv og elektronisk skapte arkiv i fylkeskommunen
3. Utvikle lokal- og regionalhistorisk arbeid i Hordaland
4. Ansvar for å koordinere arbeidet med privatarkiv og fotobevaring i Hordaland
5. Saksbehandling til knytt til arkiva og generell rådgjeving

### **Fylkesarkivet - depot sine oppgaver:**

Fylkesarkiv - depot tek imot og oppbevarer eldre arkivsaker frå sentraladministrasjon og institusjonar i Hordaland fylkeskommune, og har ansvar for overordna, felles retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i heile fylkeskommunen.

Det er utvikla ein:

[[Strategi for handsaming av elektroniske arkiv i fylkesarkivet.pdf](#) 219,25 kB]

.

---

## **2. Lovar og reglar**

### **2.1 Lovar og forskrifter**

#### **Arkivlova med forskrifter**

Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv, i daglegtale kalla arkivlova, er ei generell lov for offentlege arkiv. Lova har også føresegner om vern av private arkiv. Lova vart iverksett 1. januar 1999.

Arkivlova har som formål å sikre arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at disse kan bli tatt vare på og gjort tilgjengeleg for ettertida. Bevaring og tilgjengeliggjering for ettertida er formålet med loven.

Det er hovudsakleg to grunnar for vern av arkiv:

- Arkiver ivaretar verdiar knytt til kulturarv og forskning. Arkiva er "vårt" felles minne
- Arkivet inneheld rettsleg og forvaltningsmessig informasjon både for kommunen sjølv og for personar og verksemder som har vore gjenstand for sakshandsaming eller liknande.

#### **Forskrift om offentlege arkiv**

Forskrift om offentlige arkiver av 11. desember 1998 nr 1193 - er gjeven med heimel i arkivlovena § 12. Forskrifta er eit omfattande dokument som regulerer de fleste sidene ved arkivfunksjonen i kommunen. Kor detalert forskrifta er varierer likevel frå tema til tema. Når det gjeld arkivrutinar gjev forskrifta relativt detaljerte føresegner. I andre tilfelle, t.d. om kassasjon, er det overleite til Riksarkivaren å ta stilling til korleis detaljane skal vere utforma. Tankegangen er at tilhøve som gjeld vern og arkivmessig tryggleik kan handterast etter ei fagleg vurdering frå Riksarkivaren, medan retningslinjer som grip direkte inn i dei administrative system og rutinene i forvaltninga, skal vere gjevne av Kongen i statsråd.

**Arkivforskrifta utgjer 6 kapittel:**

Kapittel I. Verkeområde og arkivansvar (§§ 1-1 - 1-3)

Kapittel II. Arkivorganisering og arkivsystem (§§ 2-1 - 2-15)

Kapittel III. Arkivrutinar (§§ 3-1 - 3-23)

Kapittel IV. Oppbevaring og sikring av offentlege arkiv (§§ 4-1 - 4-12)

Kapittel V. Eldre og avslutta arkiv (§§ 5-1 - 5-12)

Kapittel VI. Iverksetjing og overgangsføresegner (§6-1)

## **Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiv**

Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiv

Forskrift om endring i forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver

## **Riksarkivarens regelverk om offentlege arkiv**

Forskrift til arkivloven av 01.12.1999 nr. 1566 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver.

Forskriften vart gjort gjeldande fra 01.01.2000 og er gjeven med heimel i diverse paragrafer i arkivforskrifta. Forskrifta gjev nærmare retningslinjer om følgande område (alle lenkene fører til relevant kapittel hos Lovdata):

Kapitteloversikt:

I. Bestemmelser om bruk av mikrofilm i statsforvaltningen

II. Bestemmelser om bruk av mikrofilm i kommunal forvaltning

III. Generelle bevarings- og kassasjonsbestemmelser for egenforvaltningsaker i statlige organer (§§ 3-1 - 3-20)

IV. Bevarings- og kassasjonsbestemmelser for fylkeskommunale og kommunale arkiv skapt etter 1950 (§§ 4-1 - 4-18)

V. Retningslinjer for arkivbegrensning og kassasjon i kommunale arkiv

VI. Bestemmelser om avlevering og overføring av ikke-elektronisk arkivmateriale i statsforvaltningen

VII. Fellesbestemmelser for innbinding av møtebøker, kopibøker, registre mv. i statlig og kommunal forvaltning

VIII. Bestemmelser om elektronisk arkivmateriale som avleveres eller overføres som depositum til Arkivverket (§§ 8-1 - 8-34)

Kapittel IX: Elektronisk arkivering av saksdokumenter (§§ 1-1 - 4-4)

## **Lov om elektronisk kommunikasjon og forskrift**

Lov om elektronisk kommunikasjon

Lovens formål er å sikre brukerne i hele landet gode, rimelige og fremtidsrettede elektroniske kommunikasjonstjenester, gjennom effektiv bruk av samfunnets ressurser ved å legge til rette for bærekraftig konkurranse, samt stimulere til næringsutvikling og innovasjon.

Forvaltningsforskriftens formål er å legge til rette for sikker og effektiv bruk av elektronisk kommunikasjon med og i forvaltningen. Lova legger føringer på bruk av elektronisk kommunikasjon i forvaltningen og mellom forvaltningen og dens brukere.

## Offentleglova med relevante forskrifter

Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) regulerer ålmenta sin tilgang til saksdokumenta i forvaltninga. Alle saksdokument, slik dei er definert i offentliglova, er arkivmateriale etter arkivlova

Relevante forskrifter:

Forskrift til offentliglova (offentlegforskrifta)

## Kommunelova

Komunelova har følgjande føresegner relevant for dokumenthandsaming og arkiv:

§ 30. *Møteprinsippet.*

1. Folkevalgte organer treffer sine vedtak i møte.
2. Når en sak skal avgjøres av annet organ enn kommunestyret eller fylkestinget, kan lederen for organet beslutte saken tatt opp til behandling ved fjernmøte eller ved skriftlig saksbehandling. Dette kan likevel bare gjøres når det er påkrevd å få avgjort saken før neste møte, og det enten ikke er tid til å kalle sammen til ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at dette må anses nødvendig. Departementet kan gi nærmere regler om adgang til å treffe vedtak på grunnlag av fjernmøte eller skriftlig saksbehandling.
3. Det skal føres møtebok over forhandlingene i alle folkevalgte organer. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv nærmere regler om føring av møtebok.

§ 39. *Reglement. Arkiv.*

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

Heile lova finn du på [Lovdata](#) .

## Forvaltningslova med sentrale forskrifter

Forvaltningslova regulerer tilgang til visse typar arkivmateriale gjennom føresegner om teieplikt og partsinnsyn. Lova gjev også retningslinjer og krav til sakshandsaminga som får konsekvensar for m.a. rutineoppbygging i kommunen

Forvaltningslova heimlar også Forskrift om elektronisk kommunikasjon som gjev retningslinjer om elektronisk kommunikasjon og sakshandsaming i offentlege forvaltningsorgan

## Personopplysningslova og forskrift

Personopplysningslova omhandlar handsaming av personopplysningar og sensitive personopplysningar i offentlig verksemd. Lova set vilkår for handsaming av slike opplysningar, den gjev rettar m.a. om innsyn og informasjon og den stiller krav til system og rutinar for handssaming av personopplysningar

Til lova høyrer også [Forskrift til personopplysningslova](#) som særleg omhandlar tryggingstiltak og risikoanalyse ved bruk av elektroniske verkøy for handsaminga av sensitive personopplysningar

## **Lov om helsepersonell og Pasientjournalforskrifta**

[Lov om helsepersonell kap 8](#) gjev føresegner om dokumentasjonsplikta når det blir utført helsetenester

[Forskrift om pasientjournalar](#) gjev nærmare retningslinjer for oppretting, innhald og føring, overføring og oppbevaring av journalar for dei enkelte pasientane

## **Lov om pasientrettar**

[Kapittel 5 i lov om pasientrettar \(Pasientrettigheitslova\)](#) gjev føresegner om pasientens rett til innsyn i pasientjournalen

## **Sikkerhetsloven med forskrifter**

[Lov om forbyggjande sikkerhetsteneste](#) gjev føresegner om informasjonstryggleik og tryggleiksklarering for informasjon og dokumentasjon som angår nasjonal tryggleik.

[Forskrift om tryggleiksadministrasjon](#) gjev m.a. føresegner om risikohandtering av skjermingsverdig informasjon

[Forskrift om informasjonstryggleik](#) gjev m.a. føresegner om journalføring av tryggleiksgraderte dokument

## **2.2 Sentralt regelverk**

### **Krav og standarder**

Riksarkivaren har utarbeidd ei rekkje krav og standardar som gjeld arkiv og arkivarbeid. Dette gjeld mellom anna krav til arkivlokale, kva for papir som oppfyller kvalitetskrava som skal sikre permanent vern, kva kulepennar som er arkivgodkjent.

### **Pennar**

Nedanfor følgjer ei list over eit utval pennar som er testa og godkjent som arkivbestandige. Dei fleste av desse fins i handel i Norge. Testen er utført av Sveriges Provnings- og Forskningsinstitut (SP).

#### **Ballograf Bic AB**

Bic Crystal, medium blå  
Bic Clic, medium blå  
Ballograf Original Refill, fine, medium svart  
Ballograf Original Refill, fine, medium blå

Finns hos fleire ulike forhandlarar.

#### **Rahmqvist Delectum AB**

New Roller 17721 svart  
New Roller 17771 svart

New Roller 17723 blå  
New Roller 17773 blå  
New Roller 17722 rød  
New Roller 17772 rød

Selges direkte frå firmaet.

### **Rahmqvist Delectum AB**

Soft Grip Pen 17174-1 og 17274-1 svart  
Soft Grip Pen 17175-1 og 17275-1 svart  
Soft Grip Pen 17172-1 og 17272-1 blå  
Soft Grip Pen 17173-1 og 17273-1 blå

### **Lyreco AB**

Kulpatron standard art nr 51283 blå  
Kulpatron standard art nr 51281 svart  
Kulpatron Germanstar art nr 51307 blå  
Kulpatron Germanstar art nr 51305 svart

### **ALKEJ AB**

Artline Softline 1500, 0,3 mm svart  
Artline Softline 1500, 0,3 mm blå  
Artline Softline 1500, 0,3 mm rød  
Artline Softline 1500, 0,3 mm grønn

### **BN Svenska Wendt & Co AB**

Pentel K 106 Hybrid roller, 0,6 med mer 3474370106018 svart  
Pentel K 106 Hybrid roller, 0,6 med mer 3474370106025 blå  
Pentel K 106 Hybrid roller, 0,6 med mer 3474370106032 rød

Lista er hentet frå "SPs förteckning över certifierad skrivmaterial 2001" fra Sveriges Provnings- og Forskningsinstitut (SP). Der vert også blekkpatroner til blekkstråleskrivarar, fargeband, tusj, stempelfargar og karbonpapir omtala, vidare kopimaskiner, skrivarar (også fargeskrivarar), telefaksar, plastfilm til å skrive på og mikrofilm som er sertifisert.

## **Godkjent papir**

Nedanfor er to lister over dei papirkvalitetar som Riksarkivet har godkjent etter den internasjonale standarden for permanent papir, ISO 9706. Den første lista gjeld papir til kontorbruk, den andre papir til reguleringskart.

Ei meir utfyllande forklaring til papirstandarden kan lesast i Arkivmagasinet 3/94 (Arkivverket sitt tidsskrift).

Listene blei sist ajourført 07.01.2005.

## **1. Kontorpapir**

Riksarkivet sitt krav er at papiret oppfyller ISO 9706 og at det er kvitt og ustroket. Lista er avgrensa til papir for kontorbruk, for skrivarar og kopimaskiner. Riksarkivet har ikkje godkjenning for trykkpapir eller omslag, som av og til vert brukt som kopieringspapir og som og kan oppfylle standarden for ISO 9706.

Amicus Office  
Amicus Personal  
Berga Focus, 80 g/m2  
Berga laser  
Berga Speed, 80 g/m2  
Binders Laser Copy

LPC 31  
Master Laser  
Minolta Eksklusiv  
Minolta Laser  
MoDo Balans  
Multi Copy Cream



Biotop 3 Extra	Multi Copy Original
Canon CLC-High Grade	Multi Copy Pearl
Canon Color Copy	Multilaser
Canon Copystock	National 80
Canon Extra	Naturbond
Canon Joutsen	Norcopy 2000
Canon Natura	Oce Extra
Canon Office	Oce Standard label
Canon Standard Dry	Oce Ultra Copy
Charta	Oce Office Premium
Color Bond	OCR/Naturoffset
Color Copy	4Office
Color Copy/Color Copy R	4 CC
Colotech Plus	Optiimage fra Neusiedler
Copy X	Optigraph
Copyprint Universal	Optimum
Crown Bond	Optitext
Cyber Star	Partner/Bulky Partner
Data Copy	Pine Green
Dataline Copy og Print	Pine Green Laser Copy
Dataline Copy og Print Premium	PPC Plain Copy Paper
Future inktech	Reyprint Color Laser
Future imagetech	Reyjet Inkjet
Future lasertech	Reylux
Future multitech	Reymat
Hemptec	Reyspeed
Heimdal Copier	Symbio Text
Heimdal Copy	Scandia Allround
High Tech	Top Kopie
Inventum Laser	UPM Office copy/print
IQ Premium	UPM Office multifunction
IQ Trio Premium	UPM Office color laser
IQ Allround	White Woodfree Copier
IQ Economy	Wifsta Office
Kaskad vit	Xeikon Color Copy Rull
Kym Ultra Copy	Xerox 80
Kym Copy	Xerox Business
Kym Copy Lux	Xerox Colotech Plus
KymGold	Xerox Colotech Plus Rull
Lanier Natura95	Xerox Performer
Logic 300,	Xerox Planet Optimum
Logic 500	Xerox Premier
Logic 700	Yes Bronze
Logic image	Yes Silver

## 2. Papir til reguleringskart

JSO24/90 g (Thrane Printing Systems)

Océ standard 90 g (Océ Norge)

HRP 92 90 g (Gregersen tegneutstyr)

870 Ultra White Inkjet Paper (Sem og Stenersen Tegneteknisk)

Informasjonen er henta frå Arkivverket sine heimesider: [www.riksarkivet.no](http://www.riksarkivet.no)

### Lim

Problema med å finne fram til eigna lim og å få festa etikettar på en tilfredsstillande måte er av praktisk art. Riksarkivaren har difor utarbeidd ei rettleiing til hjelp i dette arbeidet.

## 1. Etikettar på arkivboksar

Eit tapetklistre for våtrom vil eigne seg bra. Dette kan ein få ferdig eller i pulverform som må tilsettast vatn. Klistretet kan fortynnast med litt kaldt vatn, men ikkje for mykje. Det skal ha konsistens som graut som er lett å smøre utover.

Plastlim (sjå nedanfor) kan også nyttast, men klistre er lettare å arbeide med.

## 2. Etikettar på protokollar og bøker

For å sette etikettar av papir eller lerret på protokollar eller bøker må du bruke **plastlim**. Det fins to typar som eignar seg, PVAc-lim og fotolim:

- **PVAc-lim:** Det er surt, men du kan likevel bruke det til etikettar fordi surhetsgraden ikkje er høg. Det kan ikke nøytraliseres.  
**Bindflex 1161** frå National Lim Norge A/S, Oslo, er et eigna lim basert på PVAc. Det kan kjøpast frå produsenten i større mengder, men vert seld også i mindre pakningar ned til ½ kg fra A/L Biblioteksentralen under navnet Biblioteklim. Dette limet bør fortynnast med vatn. Endå mindre kvanta får du kjøpt hos Sløyd-Detaljer, 3410 Sylling.
- **Fotolim:** Det har god klebeevne også på dei fleste glatte flater. Det vert produsert og markedsført av Krystal A/S, Drammen. Limet er imidlertid surt og må tilsettast ein buffer (nøytraliserande tilsetningsstoff). Etter avtale med Riksarkivet kan produsenten gjere dette med kvanta ned til fem liter. Limet skal ikkje fortynnast.

Plastlim eignar seg ikke til antikvariske bokbind, fordi etikettane truleg ikkje kan fjernes utan at underlaget vert skadd.

## 3. Framgangsmåte

Etikettane vert lagt på eit rommeleg papirunderlag, f.eks. ei gamal avis. Med flat eller rund pensel skal eit passe lag lim eller klistre smørast på. La etikettene kvile ein lita stund til dei vert heilt slappe (som ved tapetsering), men ikkje la klebestoffet begynne å tørke. Stryk etikettane lett på med handa, legg eit reint papir over og trykk dei fast. Etikettane kan lett gå i stykker dersom ein gnir dei hardt.

Limet tørkar på 1-2 timer, men klistre må tørke natta over. Lim og klistre tørkar raskare dess meir ein tynnar det ut, men klebeevna vert då dårlegare. Lim er ikke vannløseleg når det har tørka, i motsetnad til klistre.

### Arkivlokale

Utforminga av arkivlokale vert regulert av § 4 i arkivforskrifta.

Alle offentlege organ skal lage eit oversyn over arkivlokala og vurdere om dei oppfyller krava i forskrifta. Meir om dette og skjemaer som kan lastast ned finner du på desse sidene til Riksarkivet: [arkivlokaler](#), [kartlegging](#).

I tillegg til forskrifta har Riksarkivet nokre utfyllande anbefalingar:

Golv og reolar i arkivlokale skal ha tilstrekkeleg bereevne for vekta til arkivmaterialet. Dette er i og for seg sjølvsgagt, men det er og fastsett i § 4-4, andre ledd. Rettleiande tal for beregning av vekta til arkivmateriale, basert på papirmateriale, er som følgjer (hm = hyllemeter):

Format	Hylledybde	Vekt
A4	32 cm	60 kg/hm
Folio	37 cm	80 kg/hm

Spesialformat	45 cm	120 kg/hm
---------------	-------	-----------

I tillegg kommer vekta av reolar og eventuelt anne utstyr i rommet.

Arkivforskrifta stiller ikkje spesifiserte krav til klima for dei ulike typar arkivmateriale. Dette kommer nok delvis av at det stadig kommer til nye medier, og at ei slik liste derfor fort kan bli forelda. På den annen side har det einskilde organ trong for konkrete spesifikasjonar dersom bestemminga skal få nokon praktisk verdi. Den følgjande tabellen er sett opp for å avhjelpe denne trongen. Tabellen må sjåast på som ein rettleiande spesifikasjon. Men det er grunn til å tro at Riksarkivaren vil stille krav som ligger nær desse:

Medium	Temperatur	Luftfuktighet	Spesielle krav
Papir	18 - 22 °C	45 - 55%	
Mikrofilm (arkivfilm)	10 - 15 °C	25 - 35%	Lokalet må vere støvfritt. Krever akklimatisering før bruk i vanleg romtemperatur
Magnetiske databerarar (diskettar, kassettbånd etc.)	18 - 22 °C	45 - 55%	Unngå elektriske installasjonar som kan påvirke magnetiseringen av databerarane. Unngå støv og anna forureining.
Optiske plater (CD/R)	18 - 22 °C	45 - 55%	

Arkivlokala skal vere separate einingar eller brannceller. Dette inneber at det skal kunne vere brann utanfor lokalet utan at brannen brer seg til arkivlokalet før etter ei berekna tid. For å oppnå dette må bygningsdelane som eit minimum være utført i materiale som er avgrensa brennbart. Krava til brannmotstandsevne er utforma i eit kodesystem som består av følgjande element:

**bokstaven R** som angir at bygningsdeler som er bærende, skal opprettholde sin lastbærende funksjon.

**bokstaven E** som oppgir at bygningsdelane skal motstå brannpåkjenning på ei av sidene utan at brannen smitter igjennom som følgje av gjennomtrengning av flammor og eller varme gassar.

**bokstaven I** som oppgir at bygningsdelane skal motstå brannpåkjenning på ei av sidene utan at brannen overførast til baksida som følgje av betydeleg varmeledning.

**eit tal** som oppgir kor mange minutt dei aktuelle bygningsdelane skal oppfylle krava R, E og I.

Krava til arkivlokale er som følgjer:

Type lokaler	Brannmotstand	Krav til materialer
Arkivlokale i kontorrom	REI 30	Avgrensa brennbart materiale
Spesialrom for bortsettingsarkiv	REI 60	Avgrensa brennbart materiale
Spesialrom for eldre og avslutta arkiv (depotarkiv)	REI 120	Ikkje brennbart materiale

(Informasjonen er henta frå heimesidene til Arkivverket: [www.riksarkivet.no](http://www.riksarkivet.no))

## Yrkesetiske retningsliner offentleg forvaltning

[Yrkesetiske retningsliner offentleg forvaltning](#)

## Riksarkivaren - lover, forskrifter, veiledningar

### Generelle lover og forskrifter - kommunar og fylkeskommunar:

Det sentrale regelverket for offentlige arkiv er Arkivloven og Arkivforskriften, samt Riksarkivarens forskrift. I tillegg finnes det relevante bestemmelsar i Offentlighetsloven, Forvaltningsloven m.fl. av betydning for forvaltning og bruk av arkiver, sjå [lovverk](#)

sjå:

[[Normalinstruks for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar \(2002\).pdf](#) 143,69 kB]

### Bevaring og kassasjon

sjå:

[[Veiledning BK-bestemmelser for kommunale arkiv skapt etter 1950 \(2015\).pdf](#) 1,11 MB]

## 2.3 Lokalt regelverk

### Reglement for bruk av elektronisk kommunikasjon

#### Virkeområde

Retningslinene gjeld for elektronisk informasjonsflyt og informasjonsutveksling med Hordaland fylkeskommune og som har med forvaltningsverksemda, innhenting og vurdering av informasjon, vedtak og utsending av vedtak.

Retningslinene omfattar elektronisk kommunikasjon med einskildpersonar og verksemdar, andre eksterne offentlege forvaltningsorgan og interne forvaltningsorgan.

#### Definisjon

Med elektronisk kommunikasjon forstås ein bruk av t.d. Internett, eller liknande kommunikasjonssystem, og bruk av talestyrte eller andre automatiske telefonenester, men ikkje bruk av taletelefon eller anna munnleg kommunikasjon (eForvaltningsforskrifta § 3c).

#### Heimelsgrunnlag

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker ( [Forvaltningslova](#))

Lov om elektronisk signatur ( [E-signaturlova](#))

Forskrift om elektronisk kommunikasjon med og i forvaltningen ( [eForvaltningsforskrifta](#))

## **Generelle krav til bruk av elektronisk kommunikasjon i Hordaland fylkeskommune**

Einkvar som vender seg til Hordaland fylkeskommune kan nytte elektronisk kommunikasjon når det skjer i den form og etter den framgangsmåten som er definert her.

E-post til fylkeskommunen skal sendast til sentral e-post adresse. Adresse til sentralt e-postmottak er [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Adressa skal vere lett tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Sensitive opplysningar skal ikkje sendast pr epost.

Adressa skal trykkast på brevar og vere godt synleg på all utgåande elektronisk post frå kommunen, uavhengig av kva for elektronisk adresse som nyttast ved utsending.

I dei tilfelle elektronisk post skal kunne sendast direkte til einskildpersonar sine adresser skal dette avtalast spesielt.

Gjeldande rutinar for journalføring av elektronisk post i Hordaland fylkeskommune skal følgjast. (*Link til rutinar*)

På følgjande fagområde/saker er det lagt til rette for elektronisk kommunikasjon på eigne elektroniske skjema:

*(Før opp saksområde og kven som mottar innsende skjema)*

Gjeldande retningslinjer for journalføring i nn komune skal følgjast

## **Avgrensingar i bruk av elektronisk kommunikasjon**

Ved bruk av elektronisk informasjon skal avsendar identifisere seg med namn og adresse dersom slike førespurnader skal verte handsama.

I enkelte saker kan Hordaland fylkeskommune be om opplysningar som stadfestar avsendar sin identitet eller fullmakter, eller stille krav om at dei tryggleiksstenester og -produkt som er nemnde i [eForvalningsforskrifta](#) skal takast i bruk, dersom dette er vesentleg for handtering av førespurnaden.

Basert på tryggleiksstrategi for Hordaland fylkeskommune er følgjande saksområde/førespurnader underlagt særskilde tryggleiksstenester og -produkt.

All kommunikasjon som inneheld personsensitive opplysningar i samsvar med Personopplysningslova vil vere underlagt særskilde restriksjonar. Blir Ephorte brukt, skal personsensitive opplysningar leggjast i sikra sone. Ved innsending via skjemaløysinga til HFK må innsendar kunne bruke sikker pålogging. Ingen skal bli oppmoda om å sende [personensitive opplysningar](#) til HFK via epost.

## **Høve til å nekte bruk av elektronisk kommunikasjon**

Dersom nokon misbruker tilgangen til å nytte elektronisk kommunikasjon med kommunen, kan ein nekte vedkommande heilt eller delvis å nytte slik kommunikasjon i framtida. Ein skal sende ut varsel med ein frist for å uttale seg i saka før ein nektar nokon å nytte elektronisk kommunikasjon. Dersom det er naudsynt av omsyn til tryggleiken kan kommunen nekte tilgang straks.

## **Melding om feil og manglar**

Dersom kommunen mottok elektronisk post som skulle ha vert sendt til eit anna organ eller ei anna elektronisk adresse, må kommunen informere avsendaren om dette, og om mogleg vise vedkommande til rett organ og rett elektronisk adresse.

Mottok kommunen elektronisk post med andre feil eller manglar må kommunen informere avsendaren om dette før sakshandsaming tar til

## **Melding om og tilgjengeliggjering av politiske saker**

Møte- og saksdokument i Hordaland fylkeskommune blir publisert på eInnsyn, politiske saker på [Hordaland.no](http://Hordaland.no) .

## **Informasjonstryggleik**

Det er utarbeidd eigne rutinar for informasjonstryggleik i Hordaland fylkeskommune.

[Infomasjonstryggleik Hordaland fylkeskommune.pdf 99,37 kB]

## Instruks for elektronisk arkivering av saksdokument

### Virkeområde

Retningslinene gjeld for alle typar system der det vert skanna saksdokument eller eigenprodusert saksdokument for seinare avlevering til depot i.

### Heimelsgrunnlag

- Lov om arkiv av 04.12.92 med forskrifter; forskrift av 11.12.98 nr. 1193 (arkivforskriften) og forskrift av 01.12.99 nr. 1566
- Elektronisk arkivering av saksdokument" (forskr. nr. 1566, kap. IX)

### Retningslinene omfattar :

- Oppbygging og bruk av det elektroniske arkivet
- Interne ansvarsforhold og rutinar

## Oppbygging og bruk av det elektroniske arkivet

### Blanda arkivering

#### Arkivformat

I Hordaland fylkeskommune skal elektronisk skanna saksdokument eller eigenproduserte saksdokument konverterast til arkivformat godkjent av Riksarkivaren

Arkivansvarleg skal definere rutinar med korleis konverteringa skal føregå, Det skal etablerast rutine for kontroll med konverteringa ([link til rutinar](#))

Følgjande format med tidspunkt for konvertering skal nyttast

Mal / dokumenttype	Prod.format	Arkivformat	Tidspunk for konvertering
Eigenproduserte dokument	Word	PDF	Når dokumentet er ferdigstilt i Ephorte
Skanna dokument	Word	PDF	Når dokumentet er ferdigstilt i Ephorte
e-post		PDF	Når dokumentet er ferdigstilt i Ephorte

### Digitale signaturar

Utgåande brev blir godkjent elektronisk i fylkeskommunes sak-/arkivsystem Ephorte

### Kvalitetssikring av skanna dokument

Dokumentsenteret kvalitet sikrar skanna dokument

## **Periodedeling**

# **Interne ansvarstilhøve og rutinar**

## **Ansvar for tildeling av brukarrettar / Systemansvar**

### **Systemeigar**

Fylkesarkivaren er systemeigar for fylkeskommunes sak-/arkivsystem Ephorte.

Systemeigar er ansvarlig for å sikre eit strategisk og langsiktig fokus for det Ephorte og sikre best mulig utnytting for dei arbeidsprosessar systemet understøttar. Systemeigar er ansvarleg for at systemet tilfredsstiller gjeldande krav til blant anna informasjonstryggleik, drifts- og vedlikehaldsavtalar.

### **Systemansvarleg**

Leiar ved Dokumentsenteret er arkivansvarleg i Ephorte. Vedkommande har såleis alle rettार knytt til arkiveringsfunksjonane i systemet

Systemansvarleg skal i samarbeid med systemeigar koordinere, vidareutvikle og forbetre systemet i henhold til brukaranes behov. Systemansvarleg rapporterer til systemeigar og er systemeigar sin representant i det dagleg.

Leiar ved Dokumentsenteret skal ha

- ha oversikt over den administrative og arkivtekniske strukturen i systemet samt sørge for vedlikehald og oppdatering av denne.
- følgje opp sakshandsamarane og sikre seg at desse har kunnskapar om bruken som står i høve til dei rettane dei har.

### **Arkivpersonalet**

Arkivpersonale har tilgang til å registrere inn- og utgåande dokument, ajourføre register og journalføring. Dei har alle rettार knytt til arkiveringsfunksjonane i systemet

### **Driftsansvarleg**

IT-seksjonen har driftsansvar er knytt til den daglege, operative drifta av. Oppgåva inkluderer dagleg drift og overvaking etter gjeldande avtaler og etter krav frå system-ansvarleg. Sikre driftskvalitet på system i samsvar med gjeldande funksjonelle krav og kvalitetskrav

### **Saksfordelar / leiarar**

- kan autorisere sakshandsamarar i systemet med omsyn til registreringsrettar, tilgangskodar og medlemskap i tilgangsgrupper innanfor dei kodene som vedkommande sjølv er autorisert for.
- kan fordele saker og journalpostar i avdelinga
- har tilgang til å opprette og ajourhalde saker og journalpostar på si avdeling

### **Sakshandsamar**

- tilgang til å opprette og ajourhalde saker og journalposter der vedkommande er saksansvarlig
- tilgang til å klassere egne saker
- tilgang til å avskrive egne saker
- tilgang til å opprette utvalssaker og registrere behandlingsplan for utvalsbehandling av egne saker

### **Utvalssekretærar**

- har tilgang til å registrere utval og medlemar

## Reglar for eksternt innsyn i arkiv

Retten til innsyn i offentlege saksdokument er regulert av offentleglova (allment innsyn) og forvaltningslova (partsinnsyn). Hovudregelen er at forvaltninga sine saksdokument er offentlege (Ofl. § 2). Nokre saksdokument skal eller kan unnatakas offentlegheit med heimel i gjeldande lovverk. Arkivtenesta er delegert fullmakt til å gi publikum innsyn i arkiv i samsvar med reglane i lovverket.

## Allment innsyn

Den som ber om innsyn i arkiv skal ved hjelp av den offentlege journalen identifisere den saka eller dei dokumenta vedkommande vil ha innsyn i.

Hordaland fylkeskommune publiserer offentleg journal og politiske saker i fulltekstdokument på [hordaland.no](http://hordaland.no). Arkivtenesta gjer difor ei førehandsklassering før publiseringa. Det er ekstra viktig at ein er nøyaktig i offentlegvurderinga og nyttar rette og fullstendige lovheimlar ved publisering av fulltekstdokument på nett, slik at t.d. sensitive personopplysningar ikkje blir tilgjengeleg for publikum.

Spørsmål om innsyn skal avgjerast ved kvar enkelt førespurnad. Det skal vere høve til å be om innsyn i alle dokument, uavhengig av førehandsklassering. Dersom ein mottok ein førespurnad om innsyn i et dokument som i utgangspunktet er unnateke offentlegheit, skal ein gjere ei ny offentlegvurdering, ev. i samarbeid med sakshandsamar.

Førespurnad om innsyn skal registrerast i postjournal og arkiverast. Personar som i samsvar med gjeldande føresegner får tilgang til opplysningar unnateke offentlegheit, skal skrive under på at dei er kjende med det ansvaret dette medfører. Innsyn i papirbaserte originaldokument skal berre føregå under tilsyn, elles skal ein gi innsyn i kopiar eller elektroniske versjonar. Kopiering av dokumenta skal skje vederlagsfritt.

Arkivtenesta skal vurdere om dokument det er bede om innsyn i, inneheld opplysningar som er unntatt frå innsyn etter offentleglova. Dersom dette er tilfelle, må ein ta stilling til om ein kan gi innsyn i resten av dokumentet eller om heile dokumentet skal bli unntatt frå innsyn.

Ein skal praktisere meiroffentlegheit i Hordaland fylkeskommune. Det vil seie at ein skal vurdere om ein bør gi innsyn i heile eller delar av dokumentet sjølv om det kan unntakas etter føresegner i lova. (Ofl. § 2, 3. ledd). Ein skal ikkje vurdere meiroffentlegheit for opplysningar underlagt teieplikt.

Dersom det blir gitt avslag på krav om innsyn, skal avslaget grunngjevast med lovheimel. Dersom dokumentet/journalposten vert skjerna eller unntatt med heimel i Ofl. § 5a, skal det visast til den lovbestemminga som gir grunnlag for teieplikta (t.d. Fvl. § 13-1 eller 13-2). Det er i utgangspunktet berre dei opplysningane i dokumentet som er underlagt teieplikt som skal unntakas.

## Partsinnssyn

Forvaltningslova regulerer retten til innsyn for part i sak. Ein part i sak er definert som ein person som ei avgjersle retter seg mot eller som saken elles direkte gjeld (Fvl. § 2-e). Den som er part i sak der det vert gjort enkeltvedtak har ofte behov for å gjere seg kjend med dokumenta i saka. Hovudregelen er at part i sak har rett til innsyn i saksdokumenta (§ 18, 1. ledd). Ein må ha heimel for å nekte part rett til innsyn. Heimel finn ein i § 18, 2. ledd, som gjer tilgang til å nekte innsyn i dokument utarbeidd for organets interne saksførebuing, eller i § 19 som innskrenkar tilgangen til å krevje innsyn i visse opplysningar.

I § 20 er det reglar for korleis dokumenta skal gjerast tilgjengelege for parten.

Dersom parten blir nekta innsyn kan vedkommande klage etter reglar i Fvl. § 21.

## Innsyn i personopplysningar

Førespurnad om innsyn i personopplysningar er regulert av personopplysningslova. Førespurnaden skal ikkje forvaltast av arkivtenesta. Det er leiar for den aktuelle tenesteeininga som skal forvalte innsynet her. Innsynet skal forvaltast i tråd med personopplysningslova med forskrifter.



## 3. Rutinar

### 3.1 Daglege rutinar

Dokumentsenteret har ansvar for arkivdanninga og delansvar for den daglege drifta av sak/arkiv systemet i Hordaland fylkeskommune.

#### **Dokumentsenteret sine oppgåver innan arkivdanning**

Mottak av brevpost og pakkepost

Arkivavgrensing ved sortering og opning av post

Skanning av fysisk sakspost til einingane sine importsentralar i ePhorte

Journalføring av inngåande dokument for sentraladministrasjonen via importsentral i ePhorte

Mottak og journalføring av e-post via Hordaland fylkeskommune sitt offisielle e-postmottak [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Hente inn og journalføre sakspost motteke i Altinn til avdelingane i sentraladministrasjonen

Endeleg journalføring for Regionalavdelinga og Kultur- og idrettdavdelinga

Kvalitetssikring i ePhorte

Mottak og behandling av krav om innsyn

Frankering og utsending av brevpost

Registrering av pakkepost før utsending

#### **Dokumentsenteret sine oppgåver innan drift av sak/arkiv systemet**

Administrere brukarar og tilgangar (rollar/autorisasjon)

Sensdesk - brukarstøtte

Kontakt mot leverandør sitt brukarstøtteapparat

Møter med brukarar/avdelingar/seksjonar

Delta i vidareutvikling av systemet/bruk av systemet

Utvikling av malar

Dokumentasjon

Kurs

Overvaking av integrasjonar i samarbeid med IT-system

#### **Postmottak**

Post kjem til HFK via ulike kanalar som levering frå Posten Norge AS, via sentralt e-postmottak, via portalar/fagsystem, levert av bud, levert personleg eller motteke i møte. All post som skal handsamast i tråd med reglane ..

### **Automatisert mottak av post via skjemaløsningar**

Hordaland fylkeskommune har teke i bruk skjemaløsning for fleire tilskotsordningar, søknader om drosjeløyve og andre typar av saker som eignar seg for bruk av skjema ved kontakt mot oss.

Det er ynskjeleg at denne utviklinga fortsett og at det vert jobba aktivt med å automatisere journalføring av post til fylkeskommunen.

### **Mottak av brevpost**

Dokumentsenteret har ansvar for å ta i mot den daglege posten som vert levert av Posten Norge AS.

Brevpost/dokument motteke av tilsett på kontoret eller i møte og som dannar grunnlag for sakshandsaming skal leverast til Dokumentsenteret/arkivpersonale på eininga for skanning og journalføring så snart som råd.

### **Mottak av e-post**

Dokumentsenteret har ansvar for å ta hand om e-post som kjem til HFK sitt hovudpostmottak [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no).

Arkivpersonale på skulane har ansvar for å ta hand om e-post som kjem til deira e-postmottak

Avdelingane har ansvar for å ta hand om e-post som kjem til deira e-postmottak

Sakshandsamar har ansvar for å ta hand om e-post motteke i eiga e-postmottak

Ved journalføring av e-post med vedlegg skal ikkje sjølve e-posten slettast. E-posten inneheld viktige metadata. Det er høve til å bestemme kva for fil som skal vere hovuddokument ved journalføring av e-post i sak/arkiv systemet.

### **Mottak av post via Altinn**

Dokumentsenteret hentar inn og journalfører sakspost motteke til Hordaland fylkeskommune for følgjande einingar: Hordaland fylkeskommune, Fylkesrådmannen, Økonomi- og organisasjonsavdelinga, Regionalavdelinga, Eigedomsavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga, Tannhelseavdelinga og Skyss

### **Mottak av post via gjennom SvarInn**

Posten vert importert og journalført i forhandsdefinert sak i ePhorte. Journalpostene skal flyttast vidare til pågåande sak eller nyoppreta sak.

### **Innhenting av vedlegg frå internett**

Høyringar, planar til offentleg ettersyn m.m. som vert kunngjort ved oversendingsbrev pr. brevpost, e-post eller via Altinn med informasjon om kor saksdokumenta er tilgjengeleg. Saksdokumenta/vedlegga må hentast inn via nettet og knytast til journalposten.

### **Mottak av post via nettenester**

Nettenester som mottar post skal i størst mogleg grad vere integrert med sak-/arkivsystemet.

Skjema på internett med høve for innbyggjarar, lag og organisasjonar til å søke om midlar frå ulike støtteordningar må merkast med saknummer innanfor året. Søkjarane skal sende alt elektronisk eller alt pr. post samla i ei sending. Det må leggjast føringar på kva tilfang av informasjon som er naudsynt for å handsame søknaden. Sentralarkivet sin e-postadresse skal gis for oversending pr. e-post.

Avdelingane må generelt syte for at søknader som kjem inn via andre søknadsportalar vert journalført.

Meldingar til fylkeskommunen via sosiale media (t.d. Facebook) skal journalførast dersom innhaldet må reknast som saksdokument og har verdi som dokumentasjon. Dette gjeld også sms-meldingar.

### **Behandling av inngåande brev og pakkepost**

Sortering av posten før og etter opning er Dokumentsenteret sitt ansvar dersom ikkje anna er fastsett.

Arkivverdig post skal journalførast og skiljast frå arkivverdig post ved opning. Arkivverdig post er dokument som ein går ut frå har verdi som grunnlag for sakshandsaming eller dokumentasjon, eller som er naudsynte trykte eller utrykte vedlegg til ei sak.

Arkivverdig post klargjerast for skanning ved opning. Arkivurverdig post/post som ikkje dannar grunnlag for saksbehandling vert lever eller sendt einingane via postheisen umedelbart etter postopning.

**Personleg adressert post** skal berre opnast av arkivet om sakshandsamar har gjeve skrifteleg samtykke. Personleg adressert post er post der mottakar sitt namn står først i adressefeltet utan tittel. Personleg adressert post skal merkast med spørsmål om retur til arkivet for journalføring, før den vert vidaresendt adressat.

**Gradert post** skal handsamast i samsvar med sikkerhetsloven med forskrifter.

**Verdipost og rekommandert post** skal opnast av to tilsette i fellesskap i samsvar med Bestemmelser om økonomistyring i staten kap. 5.4.7 og 5.4.8, fastsett av Finansdepartementet 12.12.2003.

**Tilbod/anbod** skal handsamast i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser. Tilbod skal ikkje opnast av tilsette ved Dokumentsenteret, men skal påførast dato og klokkeslett for mottaket. Vert eit tilbod lever personleg, skal det skrivast ut kvitering til tilbydar påført tilbydars namn, dato og klokkeslett for mottak av leveransen. Tilbodet skal også merkast med dato og klokkeslett for mottak. Tilboda oppbevarst til fristen er ute og vert så henta eller levert til saksbehandlar.

**Politiattestar** skal ikkje klargjerast for skanning. Ved journalføring skal det norterast som merknad at den er motteke og vidarelevert til avdelinga/seksjonen/saksbehandlar.

Post adressert til HFK, Fakturamottak skal gå uopna til Fylkeskasseraren. **Rekningar** adressert til andre einingar i HFK skal sendast Fylkeskasseraren.

**Publikasjonar** som aviser, blad, tidsskrift, bøker, brosjyrar m.m. produsert av andre organ skal utan journalføring leverast til adressaten.

**Reklame, kursinnbydingar og invitasjonar** skal vanlegvis leverast til rette vedkomande utan journalføring. Unnateke er dokument som går som meldingar til politiske utval og materiale frå andre offentlege organ.

**Post som vert levert feil/feiladressert** returnerast til Posten eller omadresserast og vidaresendas utan å verte opna.

Vert det oppdaga at brev er feilsendt etter opning. Skal det vurderast om dokumentet skal journalførast i samlesak for feilsendte brev, før det vert vidaresendt til rette instans. Ved eventuell journalføring noterast det under tilleggsopplysningar namn og adresse på instansen dokumentet vert vidaresendt til.

**Mottatt pakkepost** vert fortløpande registrert i skjema med opplysningar om pakken, når den er motteke, kven den er fra, sendingsnummer og kven den er til. Mottakar får melding per e-post om pakken og må kvittere den ut av skjema ved henting.

## Skanning

Dokumentsenteret har ansvar for skanning av inngåande post om ikkje anna er fastsett.

Inngåande arkivverdig brevpост og vedlegg skannast til importsentral i sak/arkivsystemet. Det er oppretta eigen importsentral for kvar avdeling/skule.

- Posten skal vere påført datostempel med mottattdato.
- Det må leggest ark med barkode for hovuddokument før kvart hovuddokumentet og ark med barkode for vedlegg før kvart vedlegg.
- Posten sorteres etter eining før skanning tek til
- Vel rett importsentral og skanning kan ta til
- Unntak frå skanning grunna format (innbundne hefter, bøker el.l.)

Det er bestemt, som ei overgangsordning fram til det vert oppretta eit sentralt postmottak i Hordaland fylkeskommune at skulane skal skanne inngåande sakspost i papirs form sjølv til filområde eller e-post, for så å lagre dei i ePhort via import av fil eller e-post.

Sakspost som inneheld personsensitive opplysningar må sendast med brevpost til Dokumentsenteret for å bli skanna i sikker sone. Så langt det er mogleg kan det bes om at dokument med sensitive opplysningar, som skal journalførast i ePhorte, vert sendt direkte til Hordaland fylkeskommune, skulen sitt namn, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Skanninga skal kvalitetssikrast slik at det er samsvar mellom elektroniske og papirbaserte dokument. Sidene må ligge i rett rekkefølge og kvaliteten på dei elektroniske dokumenta må vere tilfredsstillande.

## **Journalføring og fordeling**

### **Journalføring av innkomande brevpost**

All post som er vurdert som dokumentasjonsverdi og dannar grunnlag for saksbehandling skal journalførast.

Inngåande skanna post hentast fram i importsentralen i ePhorte web og journalførast via den. Dokument som høyrer til same sak skal journalførast i same saksmappe.

- Om du veit at det fins ei saksmappe frå før søkjar du fram denne. Alternativt må du foreta eit søk i ePhorte for å avdekke om det finst ei saksmappe
- Tittel for ny saksmappe leggst inn i tråd med rutine
- Endr arkivdel ved behov
- Klassering/ordningsprinsipp leggst inn i tråd med arkivdel – hak av for uoff, når fødselsnummer er ordningsverdi
- Hovudregelen er at saksmappe skal vere utan tilgangsgruppe
